

Uskedelingar i jenteband

23.04.2010



Eirin Kjærland (15) og Ann Lisbeth Ljosnes Moen (14) frå Uskedalen er med i det nystarta rockebandet til kulturskulen som består av berre jenter.

Kulturskulen starta leitinga etter gode kandidatar i januar og 8 søknadar kom.

Det var fleire enn venta og kulturskulen bestemte seg for å gje alle plass. Men til hausten blir gruppa delt i to, opplyser leiar Odd Arne Oseberg til Kvinnheringen. Til no har jentene konsentrert seg om å trena på instrumenta og på å spela saman.

Dei 8 tykkjer at fleire jenter burde spela i band. Grunnen til at ikkje fleire gjer det, kan vera at jentene ikkje tør å stikka seg fram på same måte som gutane, meiner ei av jentene. Ei anna trur at det er nokon som må vera først og så kjem andre etter.

Nokre av jentene hadde spele-erfaring då dei starta i bandet, men dei fleste hadde ingen erfaring med dei valde instrumenta. Jentene skal opptre for første gong i sommaravslutninga.

Dei åtte rockejentene er Hazel Ann Raudstein, Ailin Sanden, Aleksandra Sanden, Eirin Kjærland, Jeanne Madelen Knasbø-Langeland, Thea Vaage, Ann Lisbeth Ljosnes Moen og Hege Hjelmeland.

(Foto: Kvinnheringen)